


Møre og Romsdal
fylkeskommune

Nettskolen Møre og Romsdal

Årsmelding skoleåret 2025-26



Innhaldsliste

Nettskolen Møre og Romsdal **0**

1. Leiar har ordet 2

2. Nøkkelopplysningar om skolen 3

2.1 Organisasjonen 3

2.2 Utdanningsprogram og deltakartal 4

3. Læringsmiljø 5

4. Skoleårsresultat 7

4.1 Fullført og bestått 7

4.2 Karaktersnitt 8

4.3 Deltakarar som har slutta 8

4.4 Overgangar 8

1. Leiar har ordet

Nettskolen Møre og Romsdal gjennomførte sitt første ordinære driftsår i skoleåret 2025–26. Tilbodet har vore todelt og har omfatta vidaregåande opplæring for vaksne (VOV) innan studiespesialiserande fag, samt programfaget framandspråk nivå III for elevar ved dei vidaregåande skolane i fylket.

Nettskolen vart etablert for å tilby fleksible opplæringsløysingar til vaksne som ønsker å oppnå studiekompetanse eller dekke faglege krav for vidare utdanning. I tillegg har Nettskolen overteke det eksisterande fylkesdekkande tilbodet i framandspråk nivå III.

Interessa for tilbodet til vaksne har vore stor. Talet på søkarar har vore høgare enn kapasiteten, og fleire kvalifiserte søkarar har ikkje fått plass. For skoleåret 2026–27 er kapasiteten derfor auka vesentleg. Samstundes held arbeidet fram med å vidareutvikle pedagogiske modellar og organisatoriske løysingar for digital opplæring.

Utviklinga i søkartala tyder på at behovet for fleksible opplæringstilbod er aukande. På sikt kan det vere aktuelt å utvide fagtilbodet også for elevar ved dei vidaregåande skolane etter modell frå framandspråk nivå III.

Det første driftsåret viser at Nettskolen dekker eit behov i fylket og bidreg til å gjere vidaregåande opplæring meir tilgjengeleg for ulike målgrupper i Møre og Romsdal.

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	5,3
Tal på årsverk i leiarstillingar	1
Tal på årsverk andre tilsette	0

Nettskolen har i etableringsfasen vore bemanna gjennom frikjøp av lærarar frå dei vidaregåande skolane i fylket. Frikjøpsressursane har variert mellom 20 og 50 prosent stilling. Totalt har 17 lærarar vore knytte til verksemda i løpet av skoleåret.

Administrasjonen har bestått av éi leiarstilling.

2.2 Utdanningsprogram og deltakartal

Utdanning	Total
Studiespesialisering VOV	94
Framandspråk elevar VG3	74
Total	168

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	0

Deltakarane i vidaregåande opplæring for vaksne tok i gjennomsnitt om lag 2,5 fag kvar. Det vart gjennomført undervisning i faga: norsk, historie, matematikk, engelsk, naturfag og samfunnskunnskap.

Det var ventelister i alle fagtilboda. På bakgrunn av etterspurnaden vert kapasiteten utvida i skoleåret 2026–27.

3. Læringsmiljø

Nettskolen deltek ikkje i Elevundersøkinga, då berre dei vaksne deltakarane har Nettskolen som hovudskole. Elevane som tek framandspråk nivå III, er registrerte ved andre vidaregåande skolar og deltek derfor gjennom eigen skole.

Ved slutten av skoleåret vart det gjennomført ei brukarundersøking blant dei vaksne deltakarane. Resultata viser høg grad av tilfredsheit både med læringsmiljøet, den faglege oppfølginga og dei digitale møteplassane.

Alt i alt, hvor fornøyd er du med Nettskolen Møre og Romsdal?



Hvor fornøyd er du med de digitale møtene og samtalene i fagene?




Hvor fornøyd er du med oppfølging av lærer?



Det vart òg gjennomført ei undersøking blant lærarane. Resultata indikerer at lærarane i stor grad opplever å etablere god kontakt og gode relasjonar til deltakarane, trass i at opplæringa skjer digitalt

Hvordan synes du kontakten og relasjonen med den enkelte deltageren har vært i Nettskolen?



4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått

Deltakarane i vidaregåande opplæring for vaksne hadde ulike opplæringsløp og tok derfor ulikt tal fag. I løpet av skoleåret vart det sett totalt 316 standpunktkarakterar innan vidaregåande opplæring for vaksne (VOV). For framandspråk nivå III vart det sett 148 standpunktkarakterar.

4.1.1 Fullført og bestått standpunkt VOV, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2025-26, prosent	93%

4.1.2 Fullført og bestått standpunkt framandspråk nivå III, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2025-26, prosent	99%

4.1.3 Fullført og bestått eksamen VOV, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2025-26, prosent	86 %

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Resultata frå det første ordinære driftsåret viser høg gjennomføring blant deltakarane som fullførte opplæringsløpet. Enkelte registreringar med IV (ikkje vurderingsgrunnlag) og IM (ikkje møtt) heng saman med at nokre deltakarar har avslutta eller avbraut opplæringa utan formell utskriving frå tilbodet.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Vidaregåande opplæring for vaksne standpunkt	4,06
Vidaregåande opplæring for vaksne, eksamen	3,39
Framandspråk nivå lll, standpunkt	4,93

4.2.2 Skolen sine kommentarar og analyse

Resultata viser gode faglege prestasjonar både ved standpunktvurdering og eksamen. Forskjellen mellom standpunkt- og eksamenskarakterar ligg innanfor det som er naturleg å forvente, og indikerer at lærarane har eit godt vurderingsgrunnlag også i den digitale opplæringa.

4.3 Deltakarar som har slutta

Prosent	Tal
6,6 %	12

Tilbakemeldingar frå deltakarar som har slutta, viser at fleire har hatt omsyn knytte til arbeid, familie eller andre forpliktingar som har påverka moglegheita til å fullføre opplæringa.

4.4 Overgangar

Nettskolen gjennomfører fysiske oppstartsamlingar for nye deltakarar og elevar. Formålet er å gi informasjon om organisering, arbeidsformer og digitale verktøy, samt å legge til rette for trygg oppstart i opplæringa.

Opplegget vert jamleg evaluert og vidareutvikla i takt med vekst i elev- og deltakartalet og endringar i behova til målgruppene.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no